

— 17 —

Formerne *aftir* og *var* for g.norsk *eftir* og *ver*, og *lv* i *lvabísun* (misskrift for *lvabússun*) syner oss at dette maalet maa vera gamalt.

Stein fraa Stedje, Sogndal:

Olafv konungr skaut milli steina þísa. d. e. Kong Olav skaut millom desse steinarne.

Denne innskrifti er fulla noko yngre enn vikingtidi; maalet er som i gamalnorsk, der det vilde heita: *Ólafv konungr skaut milli steina þessa.*

Til samanlikning millom dansk og norsk i vikingtidi, set me hit innskrifti paa Hedebysteinen (996), som etter den danske runegranskaren Wimmer maa ha lydt:

Þorólfr réisti stén þannsi, hémþegi Sveíns, eftir Eirík félaga sinn, es varð dauðr, þá drengjaK sátu um Heiðaby; en hann var stýrimaðr, drengv harða góðr.

Gamalnorsk:

Þorólfr reisti stein þenna, hirmaðr Sveíns, eftir Eirík félaga sinn, es varð dauðr, þá drengir sátu um Heiðabý; en hann var stýrimaðr, drengv harða góðr.

Umsetjing: Torolv reiste denne steinen, Sveíns hirdmann, etter Eirík lagsmannen sin, som vart daud (d. e. døydde), daa modige menn sat um (d. e. kringsette) Heidaby; men han var styremann, (ein) hardla god og modig mann.

3. Den gamalnorske tidi (1000—1350).

Kristendomen som me fekk fraa England umkr. aar 1000, gav den norske kulturen høgre formaal og mildare former, og me kom no i eit stødigt og fredelegt samkvæme med andre kristne kulturfolk vest og sud i Europa.

Hjaa engelsmennerne lærde me ogso skrivekunsten med dei laglege *latínske bokstavar*; dei skreiv med fjørpenn (t. d. gaasefjør) og svart blekk